

Referat frå møte i Rådmannsutvalet i Oslo 16. november 2021 kl. 15.20-17.30

Desse møtte:

Rikke Raknes, Seljord
Øystein Tveit, Kviteseid
Une Marit Tangen, Fyresdal

Sverre Sæter, Nissedal
Finn Arne Askje, Tokke
Jan Myrekrok, Vinje

Ketil Kvaale – deltaking i sak 1

1) Framtidige vilkår for ansvarleg lån i Vest-Telemark kraftlag

Administrerende direktør gav innleiingsvis ei orientering om tilbodet frå selskapet. Kommunane tek stilling til kor vidt dei ønskjer å låne ut midlar for ei ny periode, og ein ser ikkje behov for lik praksis kommunane imellom.

Konklusjon

Kvar kommune tek stilling til fortsatt utlån til VTK i samband med årsbudsjett for 2022.

2) Innkjøpssamarbeidet i Midt- og Vest-Telemark

Rikke orienterte om situasjonen i Seljord, der kommunen vurderer å melde seg ut. Får ein nok att for å delta? Kva er alternativet til dette? Fyresdal står utanfor samarbeidet og har hatt tilsyn utan merknader. Alle kommunar tek elles alle anskaffingar innan teknisk sektor på eigen kjøp. Kviteseid, Tokke, Nissedal og Vinje er hovudsakleg nøgd med samarbeidet ønskjer å halde fram, både med omsyn til deltaking i rameavtaler og tilgang til innkjøpsfagleg kompetanse. Det er viktig at kommunane set av tid til å delta i arbeidsgruppene slik at me får til eit lokalt preg på innrettinga av konkurransane.

3) Barnevernssamarbeidet – orientering om kostnader til advokat + barneavhør

Øystein orienterte om barnevernsbudsjettet. Han varsla om at det er krevjande å prognostisere advokatutgiftene neste år. I den grad saker går til rettsbehandling, så vil det påløpe større ekstra kostnader.

Barneavhør har blitt gjennomført i Sandefjord. I vår region blir det etter kvart lagt til tenestestaden i Vinje, pga at det er der det teknisk sett ligg til rette for det.

4) Sosialtenestelova § 27 midlertidig botilbud – ansvarsfordeling mellom

NAV Vest-Telemark og primærkommunane

Jan innleidde kort om den utsendte rutinen. Ordskiftet syner at kommunane har ulik praksis med omsyn til kor vidt det er dedikert bustad til dette formålet. Bualternativ blir i fleire av kommunane framskaffa ved behov. Det er ønskjeleg på sikt å få lik

praksis i dei seks kommunane.

YMSESAKER

5) Presentasjon av Procon DigiClean for kommunane

Rune Pettersen i Norsk Kjemi ønskjer å presentere denne smittevern kiosken for kommunane våre.

<https://www.procondigital.no/product/procon-digiclean-infokiosker-med-handdispenser-reduserer-smittefaren/>

Jan oppmoda kommunane om å setje av tid til ein demo. Det syner seg at det er variable erfaringar med framgangsmåten frå selgar. Referenten gjev tilbakemelding til selskapet.

6) Dato for møte med det interkommunale brannvernet

Jan orienterte innleiingsvis om at det kjem ny Brann- og redningsvesen-forskrift som trer i kraft 01.03.22

Det er mange spørsmål både frå brannmannskap og andre korleis forskrifta vil påverke brann- og redningsvesena i Vest Telemark.

Brannsjefen ynskjer difor å informere administrasjonen i kommunane om krav i forskrifta, og diskutere korleis vi skal arbeide vidare for å tilpasse oss forskrifta.

Fellesmøte med kommunalsjefar teknisk og rådmenn/kommunedirektørar blir etter lunsj tysdag 14. desember.

7) Kompetanseløft/DigiTV – vegen vidare for Vest-Telemarkkommunane

Nissedal, Fyresdal og ønskjer å avslutte kursrekka for sin del, men vurderer fellessamlingar i Vest-Telemark viss det blir noko av. Kviteseid, Tokke Seljord og Vinje følgjer oppsettet vidare. Kviteseid tek initiativ til fellessamlingar og finn eigna lokaler til dette.

8) Ny leiar av RU Vest-Telemark og medlem av AU

Une Marit Tangen frå Fyresdal er den neste i rekka, og Fyresdal innehar denne rolla i 2022 og 2023.

9) Nytt medlem i KLP si referansegruppe

Øystein har vore medlem av referansegruppa dei siste åra. I samband med overgang til ny jobb, skal det velgast ny. Rådmannsutvalet konkluderte med at Jan Myrekrok etterfølgjer Øystein Tveit.

10) Gravferd når pårørende ikkje vil ta ansvaret

Finn Arne orienterte om to tilfelle i Tokke. Fyresdal har også hatt opplevd dette. Offentleg gravferdsstøtte dekkjer ikkje utgiftene, og slike saker kan også vere prega av sterke kjensler og bli ubehagelege. RU tek innspela til etterretning.

11) Lokale forhandlingar

Finn Arne var uroa over personlege tillegg gjeve til utdanningsgruppene hjå nabokommunen i nord. Innlegget medførte eit ordskite rundt utslag av lokal lønnspolitikk .

12) Takk for samarbeidet med Øystein Tveit

Kollegiet takka Øystein Tveit for godt samarbeid gjennom fleire år.

Jan

Ref